

# Vyrde Veiking!

I år kastar Veikingkonvoien loss for **15. eller 16.** gong. Nok ein gong har presset frå Florøfolk, Værlandinga, Ålfotinger og andre føter gjort at vi rustar oss til landets største båtkonvoi!

Fredag dreg vi ut til idylliske **Fanøya i Batalden**.

Grendalaget stiller med ein vakker våg, rikeleg med flytebrygger, store telt og god stemning på kaiene. I gren dahuset er det duka til dans og fest langt ut i dei små timar. Sjølvsagt blir det servert kulinariske gleder for strupe og mage til langt på natt! Hugs Brylcreme og Stomatol!

Laurdag vaknar vi sjølvsagt til strålende solskin! Etter sortering av dieselfilter, mjølkeglas, solkrem og kaviar, dunkar vi oss vidare til **Askrova** der bygdefolket tek vel i mot oss. Her skal vi nyte det late liv; preike med gamle kjende, spele gitar og synge åndelege songar. Elles skulle her vere aktivitetar for heile familien:

nye gjestebrygger, Langope på butikken laurdag og søndag, Bondemarknad, salg av økologisk mat samt samksprøver frå Espesether gard. Grottevandring med Guide - Mulighet for vandring og fisking i dei flotte fjellvatna på Askrova - Befaring av ledige hus/hytte tomter på Askrova. - Søndagsfrukost på Kroa- Kaidans, grilling og slikt

Som vanleg er det grendelaga og lokale eldsjeler som gjer alt arbeidet. Vi i konvoileiinga er nøgd med rosande omtale - og eit kyss på kinnet eller ein annan stad. Elles er det sjølvsagt viktig for oss at konvoien går fint føre seg, utan slåsting, båtfyll og anna farkeskap. Reknar med at alle veikingar gjer sitt til at desse strandhogga vert til gode opplevelingar for alle. Avgifta, kr. 9,- pr. båt (=brevporto) betalar du på kaia. Båtar over 30 fot betalar dobbel avgift, men trøysta får vere at kajakkar går som B-post!

**Hugs å kjøpe T-skjorte !!! Stott dei reike!! Veeel mooooott!!**

## Fredag 24. juni:

1730: Samling på Florevika ,rens av forgassar og slikt.

1800: Revelje - avgang

1930: Fanøya

- Konvoiavgifta
- T-skjorter
- Sal av mat og Hansa-brus

2200: Dans m/ Nybø Band!

- lettare servering

2500: Song og spel i gavl og kratt

## Laurdag 25.juni:

0855: Revelje, frukost

0900: Sortering av mjølkeglas, dieselfilter, solkrem og kaviar

1200: Revelje – avgang

1330: Landkjenning, Askrova

- Song og spel
- Grottevandring
- Bondemarknad
- Sal av grillmat og drikke
- Kulturelle innslag

2200: Dans , Mat og drikke

2500: Jag vill ha dig!

## Søndag 26. juni:

0855: Revelje

1100: Høgmesse (hugs radio!) -heimreise.



**Wave** 

**Solheim Diesel**



**Florø Bil &  
Havneservice as**

Tlf. 57 74 05 30 - Vakttlf. 414 00 010

Bunkring fra flytebrygge døgnet rundt



**Florø Skyssbåt**

TLF. 913 77 272 / 482 58 780 - [www.skyssbat.no](http://www.skyssbat.no)

**[www.krusereklame.no](http://www.krusereklame.no)**

# *Vikingkonvoien*

# *2011*

*Florø - Fanøy - Askrova*

*24. - 26. juni*



*Veik - Vinnande - Von*

**[www.veikingkonvoien.com](http://www.veikingkonvoien.com)**